

Stutt straumbrot då linje fall ut

16.02.2011

Det var eit straumbrot på 7-8 minuttar i store delar av kommunen rundt klokka 08.30 i dag.

Kvinnherad Energi opplysar at grunnen var at den viktige linja frå Sauda til Blåfalli fall ut og tok med seg eit Blåfalli-anlegg.

Kva som var det eigentlege grunnen til straumbrotet vet ein ikkje før etter ein synfaring av nettet, men det er rapportert om ein smell i Åkra-området. Det er mogeleg at eit tre har falle over linja. I vårt område var det straumlaust frå Rosendal og til og med Uskedalen.